Retningsliner for bruken av Viltfondet i Askvoll og Fjaler

- Felles interkommunalt strategidokument

1. Formål

Desse retningslinene er retningsgjevande for bruken av Viltfondet, innanfor rammene i *Forskrift av 15.05.2011 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort §5.*

2. Prioriterte bruksområder, i rekkefølge

a. Ettersøk

- Dekking av utgiftene til kommunale ettersøk og handtering av skada vilt / fallvilt (eigne avtalar med ettersøksringane)
- Tilskot til naudsynt utstyr/kurs til ettersøksekvipasje. Tilskot kan gjevast når ettersøksekvipasje har bestått blodsporprøve og fersksporprøve (blitt godkjent ettersøksekvipasje).
- Tilskot til innkjøp av hund vert ikkje gjeve.

b. Interkommunalt samarbeid og valdorganisering

- Moglegheit for driftstilskot til storvald over 10.000 dekar (eigne avtalar).
- Moglegheit til hjortefagleg støtte til bestandsplanområde.
- Deltaking i hjorteforvaltings-prosjekt.
- Deltaking i / tilskot til hjorteforskings-prosjekt. Tilskot skal primært gjevast til forskningsprosjekt som omhandlar / er innanfor arealet til bestandsplanområdet/årsleveområdet til hjorten.

c. Førebygging av viltskade på landbruksnæring

- Tilskot til oppsetting av hjortesikkert gjerde, permanent eller mellombels, for å verne eng, utandørs grovfôrlager, næringsmessig åker- og hagebruk, juletre- og pyntegrønt, og liknande, mot skade valda av hjort. 35% tilskot til inngjerding av grovfôrlager (fortrinnsvis byggegjerder – mellombels). 30% tilskot elles. Føreset tilstrekkeleg med midlar på viltfondet.
- Alle søknadar om tilskot til hjortegjerde til same grunneigedom skal sjåast i samanheng, slik at det berre blir gjeve tilskot til kortaste trase' ved utviding av tidlegare inngjerda areal.
- Det skal stillast krav i tilskotsvedtaket om framtidig vedlikehald av gjerdet i minst 10 år etter utbetaling og evt krav om tilbakebetaling, heilt eller delvis, av tilskot om vedlikehaldet er mangelfult.
- Det skal takast omsyn til ferdselsreglane i Friluftslova §§ 2, 3 og 3a, og evt tinglyste ferdselsrettar på aktuell eigedom.
- Tilskot gjevast for godkjent kostnadsoverslag.

d. Kunnskapsarbeid

- Dekking av utgifter til fagleg rådgjeving på gruppenivå.

- Tilskot til kunnskapsarbeid gjeld kunnskap retta mot storvilt.

Viltfondet kan også brukast til andre tiltak som fell inn under Viltfondforskrifta § 5.

3. Stønadsform og –vilkår

Stønad frå viltfondet vert gjeve som tilskot.
Landbrukssjef fastset tilskotsprosent på fritt grunnlag i kvar einskilde sak, men likevel slik at same tiltak same år, av same omfang og type, får likt tilskot. Unntaket er punkt 2c, første kulepunkt, der tilskotssats er fast.

NB. Ein får ikkje tilskot på MVA.

- **Utbetaling**
  Tilskot frå viltfondet vert som hovudregel utbetalt etter at tiltaket er gjennomført og kostanadar er dokumentert. Vilkår for utbetaling skal gå fram av løyvingsvedtaket. I særlege høver kan det utbetalast eit forskot på 75% av tilskotssummen, i høve til kor stor del av tiltaket som er gjennomført. Forskot kan berre utbetalast i saker der dette går fram av løyvingsvedtaket.

- **Arbeidsfrist og inndraging av tilskot**
  Løyvinga står ved lag i tre år med mindre anna kjem fram av løyvingsvedtaket. Det kan ikkje søkast om utsett arbeidsfrist. For fysiske tiltak som er påbyrja men ikkje fullført innan arbeidsfristen, vert det utbetalt tilskot i høve til kor stor del som er gjennomført, men berre når den gjennomførte delen har nytteverdi i seg sjølv. Resttilskot som ikkje er nytta vert automatisk inndrege tre år etter løyving. For tiltak som ikkje er påbyrja innan arbeidsfrist, vert heile tilskotet inndrege. Søkjaren kan då søkje på nytt tilskot til seinare, og tiltaket vil då verte prioritert opp mot nye tiltak.

- **Klagerett**
  Avslag på søknad kan klagast inn for Formannskapet. Reglane i Forvaltningslova, kap VI, gjeld for klage og endring av vedtak.